

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 21/2006

Møtedato: 04.04.06

Arkiv nr: S 587

S 587, Nørre Gile – søknad om kårsel

Aslag Hamre søker om å få føre opp kårsel (74 m²) på stølen på Nørre Syndin. Plassering er vist på vedlagt skisse.

Søkjaren opplyser at stølen er i bruk ved beite og slått.

På stølen er det frå før følgjande bygningar:

Sel (62 m²), fjøs (89 m²), fjøs (59 m²) og uthus/skåle (18 m²)

Bygging på støl i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog skriv i e-post datert 31.3.06 følgjande: *Stølen er i bruk, og vi overlater til fjellstyrets vurdering om det er behov for 2 sel på tils. 115 m² ved den driftsform en nå har, beite og slått. Det kokehuset som er nevnt, er iflg. stølsregisteret et kombinert bygg, skåle/kokebu på 18 m²*

Ut frå liknande saker er huset i største laget som kårsel. Sett ut frå storleiken på eksisterande sel (62 m²), vil samla areal (115 m²), ikkje bli større enn det som tidlegare har vore normalt å få godkjent.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Fjellstyret si godkjenning er berre gyldig på vilkår av at kommunen godkjenner søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.4.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Aslag Hamre
Statskog
Vestre Slidre kommune